



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hilde Rasmussen Nilsen, 5557 2371

Vår dato  
09.08.2017  
Dykkar dato  
10.04.2017

Vår referanse  
2017/4994 421.4  
Dykkar referanse  
15/1039 – 17/4608

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### **Radøy - detaljregulering Mangerøy industriområde - Kjebogen - ber om uttale**

Fylkesmannen viser til oversending av klage på vedtak om detaljregulering for Mangerøy industriområde, Kjebogen, planid 12602015000200.

Advokatfirmaet Wiederstrøm & Lodtz AS v/advokat Thor-Eirik Lodtz har i brev til Fylkesmannen av 31. juli 2017 kome med supplerande merknader til deira klage på vegner av RR Ulvatn AS, Rune Ulvatn og entreprenør Rune Ulvatn AS. Klagar hevdar at det etter deira førre brev av 24. mars 2017, er avdekt ytterlegare forhold som tilseier at planskildringa ikkje er reell. Klagar kjem vidare med merknader til kommunen sitt notat av 28. mars 2017, og gjev uttrykk for mistillit til kommunen si uhilda handsaming av saka.

A/STAB v/advokat Arne Christian Landsvik har dessutan i brev av 30. mai 2017 til Fylkesmannen, på vegner av RR Ulvatn AS, gjeve utdjupa grunngjeving om at konsekvensutgreiinga har manglar som gjer reguleringsplanen ugyldig.

Fylkesmannen ber om orsaking for at saka har lege lenge hos oss. Likevel, før Fylkesmannen tek stilling i saka ber vi om at kommunen gjev sine kommentarar til dei nye påstandane.

- Vi ønskjer kommunen sine kommentarar til klagar sin påstand om at reguleringsplanen faktisk *gjev* rom for riggvedlikehald ved kai, i motsetnad til det kommunen synest å meine i notat av 28. mars 2017. Klagar viser mellom anna til planskildringa pkt. 3.1 Kai, SK (s. 27), og til at planen legg opp til ISPS-kai og brannstasjon, noko klagar meiner ikkje er naudsynt om det berre skulle vore innvendig monteringsarbeid i hall. Fylkesmannen ber kommunen kommentere korleis plankartet og -føresegne eventuelt hindrar riggvedlikehald ved kai, dersom ein har meint at reguleringsplanen ikkje opnar for dette.
- Fylkesmannen ber vidare kommunen utdjupe si vurdering om at konsekvensutgreiinga er tilstrekkeleg i forhold til krava i KU-forskrifta, jf. dågjeldande KU-forskrift § 9 som mellom anna seier at «*Konsekvensutredningen skal ta utgangspunkt i foreliggende kunnskap og nødvendig oppdatering av denne*». Vi viser til det klagar omtalar som den reelle planlagde verksemnda i planområdet, og som kommunen i sitt notat av 28. mars 2017 skriv at dei er kjend med.

Vi ber om at kommunen sender oss sine kommentarar så snart som råd, innan 30. august 2017.

På førehand takk for svar.

Med helsing

Laila Pedersen Kaland  
seniorrådgjevar

Hilde Rasmussen Nilsen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

Advokatpartner Ans	Postboks 2026 Nordnes	5817	BERGEN
Advokatfirmaet	Postboks 494 Sentrum	5805	BERGEN
Wiederstrøm & Lodtz AS			
Kjersti Nævdal Hansen	Myrdalskogen 13	5118	Ulset
Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN

Vedlegg: Brev av 30.05.2017 frå A/STAB

Brev av 31.07.2017 frå Advokatfirmaet Wiederstrøm & Lodtz AS